

## Informasjon frå samarbeidsmøte mellom praksiskonsulentane og laboratoria i Helse Førde

### 11.05.23

Tilstades i møte: Robin-Andre Sørland, Marianne Schiefloe Myklebust, Tonje Bøyum Riste, Normund Svoen, Anita Sørheim, Marius Bagdonas.

## Informasjon frå laboratorietenestene


### Mikrobiologi

Mikrobiologisk avdeling har ny avdelingsjef, Marianne Schiefloe Myklebust starta i stillinga i april 2023 og tek over for Bent-Are Hansen.

Ved mikrobiologisk avdeling er det no reduksjon i antal luftvegsprøver og påvisingar av luftvegsagens. Det har vore ein luftvegsesong der SARS-CoV-2 og Influenta A har dominert i tal påvisingar. Nytt for diagnostikk i 2023 er inklusjon av 4 nye koronavirus i luftvegspakken.

Oppdaterte tal for luftvegstatistikk i vårt område vert publisert på Helse Førde sine nettsider kvar veke gjennom året. Der kan ein sjå utvikling gjennom sesong, og tabell fordelt på inneliggande og ambulante pasientar.


[Luftvegstatistikk Helse Førde - Helse Førde \(helse-forde.no\)](https://helse-forde.no)



### Patologi

Avdeling for patologi har auke i antal vevsprøver første kvartal i år målt mot tidlegare år. Generell auke er forventa ettersom den medisinske utviklinga tilseier fleire eldre som gir fleire kreftdiagnosar. Nye

behandlingsmetodar og medisinske framsteg gjer også at pasientar for betre prognosar og treng tettare oppfølging på diagnostikksida.



Det er for tida forlenga svartid ved avdelings som følgje av aktivitet kombinert med fråver. Det arbeidast med å redusere svartid fram mot sommaren.

Frå primærhelsetenesten mottar patologiavdelinga i Førde hovudsakleg hudprøvar. Frå spesialisthelseteneste er det ei fordel av prøvar vert analysert i Førde, då dette sikrar at vi har vevsmateriale/historikk tilgjengeleg for vidare oppfølging av pasientar som vert henvist vidare til spesialist.

### [LMBB – laboratorium for medisinsk biokjemi og blodbank](#)

LMBB arrangerte i vår undervisning for fastlegar om B12 mangel i regi av overlege Anne-Lise. Dette vart gjennomført med live sending på 45 minutt. Seansen vart deretter gjort tilgjengeleg i opptak. Det var godt oppmøte frå fastlegekontora under sending, og fleire nytta også høve til å få med seg undervisninga i etterkant. Etter avtale med PKO planlegg Helse Førde ny undervisning for fastlegane i haust. Tidspunkt og tema blir presentert over sommaren.

### Brukarundersøking

I januar vart det sendt ut ei brukarundersøking frå laboratoria. Dette gjerast for å kartlegge behov for utvikling og service til våre rekvirentar. Vi fekk 143 svar tilbake, av desse var ein del frå fastlegar. Tilbakemelding viser at våre rekvirentar i stor grad er nøgd med analysetilbod og svartid, med nokre forbettringspunkt. Vidare er det opplyst at ein del ikkje kjenner til våre kanalar for informasjon. Oversikt over analysar, lab-info og prøvetakingsutstyr for Helse Førde er samla på ei nettside:

[Labanalysar i Helse Førde \(helse-forde.no\)](https://helse-forde.no)

Her er det også mogleg å melde seg på nyheitsbrev og gi tilbakemelding.

### Preanalytiske tips frå laboratoria

Det preanalytisk arbeidet er viktig for å sikre kvalitet i prøvesvara frå laboratoria. Legekontora gjer ein god jobb med å sikre

- Ved bestilling, hugs å sende rekvisisjon til lab og legg inn rekvirerande lege

- Det kjem nokre behaldarar som ikkje er lukka skikkeleg. Det er viktig at dette blir gjort korrekt, elles kan prøvemateriale blir øydelagt og personale vert eksponert for biologisk/kjemisk materiale. Særskild for urinprøvar og vevsprøvar har det vore nokre tilfeller siste tida der behaldar ikkje har vore skikkeleg lukka.
- For patologirekvisisjonar er det viktig å nytte +-teiknet når ein sender inn fleire behaldarar. Dette sikrar at registrering er korrekt, og vi kan sikre at glasa vert utlevert til same patolog. Når behaldarar kjem på ulike rekvisisjonar risikerer ein at det vert levert til ulike patologar ettersom lab berre kan sjå prøvenummer når dei vert utlevert.